

Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Skal fyllast ut av emneansvarleg [fylt ut 9.1.2024]

Emne/program	NOSP316 Nordisk: Språkleg masteremne D. Personnamn i eit internasjonalt perspektiv
År	2023 haust
Emneansvarleg	Ivar Utne, emneansvarleg (øg einaste lærar)
Samla vurdering av gjennomføringa av emnet	Emnet dekte personnamnskikkar i Noreg (kort), Norden, øvrige Europa, USA, Afrika og Asia. Det var stor spreiing på skikkar og på artiklar med presentasjonar og forsking om enkeltskikkar. Dels bygd på eiga forsking, og på eige utviklingsarbeid knytt til namnelova. Det var noko oversynsstoff med grunnbok og læraren sine eigne tekstar. Studentane verka engasjerte og interesserte i timane, og rapporterte det same i skriftleg studentevaluering. Det var litt delte meningar om geografisk spreiing. Spreiing på mange artiklar og tema gjorde stoffet dels vanskeleg. Det var godt gjennomarbeidde studentpresentasjonar i timane, eit opplegg som fungerte bra for å setje seg inn i teori og bruke det på namnemateriale. Eksamensvara viste overblikk, snitt for 4 kand.: B (3xB,1xC)
Emne: Er emnet student-evaluert? Kva kom i så fall fram der?	Studentevaluert med både lukka og opne spørsmål. Svar frå 3 av 5 aktive studentar. <ul style="list-style-type: none"> - Fleirtalet av studentane var svært nøgde. - Heilskapleg kurs: stor og nokså stor grad. - Korleis oppfatta kurset: mest svar som ryddig, interessant og inspirerande. - Presentasjonane: mest svar at dei var nyttige. - Spreiing på tema: helst passe, men dels òg for stor spreiing; det var spreidde synspunkt på geografisk utval. - Middels utbytte av lesestoffet. Stort og nokså stort læringsutbytte av førelesingane.
Var det noko som ikkje fungerte godt nok? Er det behov for å gjera justeringar eller setje inn tiltak for å forbetre emnet/programmet? Kva for endringar?	Sju dagars heimeeksamen passa därleg til dette opplegget. Det er fordi det ville vera svært krevjande for studentane å jobbe med store utanlandske materiale. Det blei løyst med val mellom mindre oppgåver der dei skulle samanlikne skikkar. Det fungerte greitt, men kan lett gå gale pga. Kl. / Likevel bør eksamen neppe endrast for NOSP316. Det er fordi kurs framover med anna innhald (som kan vera kva som helst knytt til nordiske språk) vil kunne byggje eksamen på store materiale.
Andre kommentarar eller innspel	Semester bør organiserast slik at sensur ikkje kjem i strid med ferielova. Denne gongen klarte vi å løyse det på ei veke før jul.